

Fra: Skulstad Marianne <marianne.skulstad@vegvesen.no>
Sendt: fredag 3. august 2018 10:13
Til: Torbjørn Sætre
Kopi: Postmottak Lindås; Dale Irene
Emne: 18/168864-1 - Parkeringsplass Skodvin Montessoriskule - Lindås kommune

Hei,

Eg visar til din e-post om ny parkeringsplass ved Skodvin Montessoriskule, og spørsmål om dispensasjon frå byggjegenra mot fv. 57.

Statens vegvesen har utarbeidet framlegg til detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs fv. 57 frå Skodvin til Vågseidet. Denne reguleringsplanen ligg no til offentlig ettersyn. Høyringsfrist er 15.september 2018. Det er planlagt kontordag på Dalheim ungdomshus torsdag 30.august, kl 16–19. Vi oppmodar til å møte der. Skodvin Montessoriskule skal vere varsla om høyringa av Lindås kommune.

Vår prosjektleder for planarbeidet er Irene Dale, irene.dale@vegvesen.no

I framlegg til plan har Statens vegvesen teikna inn parkeringsplass for skulen, om lag der du har skissert i e-posten.



I denne fasen er det viktig at de går igjennom plandokumenta, og vurderer i kva grad løysingane dekker skulens behov.

Dersom reguleringsplanen vert vedteke, kan parkeringsplass byggjast i samsvar med plan, utan dispensasjon.

Dersom de har merknader til løysingane, ber vi om at de sender skriftleg merknad om dette innan fristen.

Fullstendige plandokument finn du på denne linken, samt informasjon om kor merknader til framlegget skal sendast:

<https://www.vegvesen.no/Fylkesveg/fv57skodvin/nyhetsarkiv/reguleringsplan-for-fv.57-fra-skodvin-vagseidet-gang-ogsykkelveg-til-hoyring>

I planomtalen er Skodvin Montessoriskule omtalt i kapittel 6.4.3.

Sjå òg gjennom føresegna, spesielt §3.1.

Plankart R001 og Plan- og profildekning C001 viser løysingar for området.

Med helsing
Marianne Skulstad

Seksjon: Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER
Kontoradresse: Nygårdsgaten 112, BERGEN
Telefon: +47 55516253 **e-post/Lync:** marianne.skulstad@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

Fra: Torbjørn Sætre [<mailto:tosatr@gmail.com>]
Sendt: 1. august 2018 10:29
Til: Firmapost-Vest <firmapost-vest@vegvesen.no>
Emne: Parkeringsplass Skodvin Montessoriskule


Hei,

Ved Skodvin Montessoriskule ønskjer me å betre høva for både parkering og avlevering/henting (vendesløyfe) av born. Me har ein positiv dialog med Lindås Kommune, og for den mest naturlege plasseringa av ny parkeringsplass er innspela frå kommunen at me kjem nærmare enn 50m frå fv57 og at me då vil trenge dispensasjon frå Statens Vegvesen.

Ved etablering av parkeringsplass er tanken vår at eksisterande parkeringsplass blir utelukkande avlevering/henting av born. Dette vil gi oss ein god logistikk og ikkje minst ei sikker løysing for vaksne og born.

No i første omgang ønsker me innspel på korleis de ser på foreslåtte løysing og eventuell vidare saksangang. Me har hatt positive dialog med grunneigar og entreprenør angående foreslått område. Ved det foreslåtte området er det allerede ein gardsveg og steinsatte områder så dette vil medføre minimale inngrep i naturområda. Området er også tett i skulen og sikker adferd til/frå parkeringa kan enkelt tilretteleggast.

Her er eit utkast for korleis det kan sjå ut;



På vegne av styret i Skodvin Montessoriskule,
Torbjørn Sætre
92 80 18 11